



# EID KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	29.01.2015	026/15	OST
Kommunestyret	29.01.2015	017/15	OST

<b>Avgjerd av:</b> Kommunestyret <b>Saksbehandler:</b> Ole Starheim	<b>Arkiv:</b> 232 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 14/2094
--	-------------------------------------	------------------------------

### Høyringsfråsegn - Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten

#### Prenta vedlegg:

- «Høring – Overføring av skatteoppkrevingen til Skatteetaten»
- Samandrag av utredning frå Skatteetaten datert 24.11.2014
- KS – pressemelding om nei til statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen
- KS – vedteken høyringsuttale med nei til statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen

#### Bakgrunn for saka:

Regjeringa sendte den 01.12.2014 ut høyring om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til staten. Overføringa er føreslege gjeldane frå 01.01.2016. Høyringa kom på bakgrunn i utredning frå Skattedirektoratet om same sak, datert 24.11.2014. Frist for høyringsfråsegn er 02.03.2015.

#### Saksutgreiing:

Alle kommunane i Noreg har eigen skatteoppkrevjarfunksjon, som gjer innkrevjing på person- og bedriftsskatt og arbeidsgjevaravgift. Vidare gjennomfører kommunane kontroll mot lønsområdet i det lokale næringslivet med tanke på skattereglane, og kommunane fører og kontrollerer skatterekneskapen. Til saman er det 288 skatteoppkrevjarkontor i Noreg. Årsaka til at det er færre kontor enn kommunar, ligg i at det fleire stadar i landet er oppretta interkommunale skatteoppkrevjarkontor for m.a. å få eit større og betre fagleg miljø.

I Nordfjord er det ikkje interkommunalt skatteoppkrevjarkontor, men kommunane samarbeider tett når det gjeld kompetanseheving og rutinebeskrivelsar for arbeidsprosessar. Kommunane utfører også arbeid for kvarandre ved ferieavvikling og andre fråvær. Til saman er det om lag 11 årsverk innafor skatteoppkrevjarfunksjonen i Nordfjord. Eid kommune har 2 årsverk.

Kommunane er no midt i prosessen med oppstart på utgreiingar om aktuelle kommunesamanslåingar i tråd med vedteken kommunereform. Eit av argumenta for kommunereforma er overføring av ansvar og oppgåver frå staten til kommunane. Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til staten er heilt i strid med dette.

Vidare har regjeringa i høyringa uttalt at mange av skatteoppkrevjarkontora er svært små og dermed også små fagmiljø. Dette er nettopp eit av argumenta for kommunereforma – å skape større fagmiljø og mindre sårbare einingar i kommunane og samtidig gjere kommunane meir robuste til å kunne overføre ansvar og oppgåver frå staten til kommunane. Dette er dermed eit godt argument for at ei omorganisering av skatteoppkrevjarfunksjonen må utsetjast og sjåast i samanheng med nettopp kommunereforma.

### **Vurdering:**

Kommunenes Sentralforbund (KS) har vedteke høyringsfråsegn som seier nei til statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen. Rådmannen meiner at KS si høyringsfråsegn er heilt i tråd med administrasjonen si meinig om høyringa. Rådmannen tilrår difor kommunestyret i Eid om å slutte seg til KS si høyringsfråsegn vedteken i KS sitt hovudstyre den 21.01.2015. I tillegg vil rådmann peike på at vurdering av omorganisering av skatteoppkrevjarfunksjonen må sjåast i samanheng med den pågåande kommunereforma.

Regjeringa sine fullstendige høyringsdokument finn ein på denne internettadressa:  
<https://www.regjeringen.no/nb/aktuelt/Horing---overforing-av-skatteoppkrevingen-til-Skatteetaten/id2342729/>

### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

1. Kommunestyret i Eid sluttar seg til KS si vedtekne høyringsfråsegn om å seie nei til overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til staten.
2. Kommunestyret i Eid vil spesielt peike på at skatteoppkrevjarfunksjonen må inngå som ein del av den totale gjennomgangen av samla oppgave- og ansvarsfordeling mellom stat og kommune i kommunereforma.

## **29.01.2015 FORMANNSKAPET**

### **F-026/15 VEDTAK, SOM INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Kommunestyret i Eid sluttar seg til KS si vedtekne høyringsfråsegn om å seie nei til overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til staten.

2. Kommunestyret i Eid vil spesielt peike på at skatteoppkrevjarfunksjonen må inngå som ein del av den totale gjennomgangen av samla oppgåve- og ansvarsfordeling mellom stat og kommune i kommunereforma.

## **29.01.2015 KOMMUNESTYRET**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **KS-017/15 VEDTAK:**

1. Kommunestyret i Eid sluttar seg til KS si vedtekne høyringsfråsegn om å seie nei til overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til staten.
2. Kommunestyret i Eid vil spesielt peike på at skatteoppkrevjarfunksjonen må inngå som ein del av den totale gjennomgangen av samla oppgåve- og ansvarsfordeling mellom stat og kommune i kommunereforma.

Åslaug Krogsæter  
-rådmann-